

# SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar:	Cecilie Solli	Arkiv:	K2-L40 K3-&00
Arkivsaksnr:	26/1599 26/1599-2		

## Forskrift om fellingsavgift - forslag til høyring

<b>Utval:</b>	<b>Møtedato:</b>	<b>Saksnr.:</b>
Plan- og miljøutvalet	28.04.2026	040/26

### Kommunedirektøren si innstilling:

Plan og miljøutvalet i Sula kommune legg ut forslag til endringsforskrift vedlagt saka der fellingsavgifta skal følgje maksimal sats gitt i Stortingets Budsjettvedtak. Endringsforskrifta skal ut på høyring med høyringsfrist på 3 veker.

Grunngjeving; Sula kommune er forplikta til å ha forskriftsfesta fellingsavgifta for hjort i kommunen når den nye viltressurslova trer i kraft 01.07.26.

Heimel: Viltressurslova § 9; Kommuna kan gi forskrift om fastsetting og innkreving av fellingsavgift for hvert dyr som felles av elg og hjort, innenfor rammer fastsatt av stortinget.

Klage: Det er etter forvaltingslova §28 høve til å klage på enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker etter at vedtaket er motteke. Klageinstans er Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Klaga skal sendes om kommunen.

### 28.04.2026 Plan- og miljøutvalet

Kommunedirektøren si innstilling var samrøystes vedtatt.

- PM040/26 **Vedtak:**

### Kommunedirektøren si innstilling:

Plan og miljøutvalet i Sula kommune legg ut forslag til endringsforskrift vedlagt saka der fellingsavgifta skal følgje maksimal sats gitt i Stortingets Budsjettvedtak. Endringsforskrifta skal ut på høyring med høyringsfrist på 3 veker.

Grunngjeving; Sula kommune er forplikta til å ha forskriftsfesta fellingsavgifta for hjort i kommunen når den nye viltressurslova trer i kraft 01.07.26.

Heimel: Viltressurslova § 9; Kommuna kan gi forskrift om fastsetting og innkreving av fellingsavgift for hvert dyr som felles av elg og hjort, innenfor rammer fastsatt av stortinget.

Klage: Det er etter forvaltingslova §28 høve til å klage på enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker etter at vedtaket er motteke. Klageinstans er Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Klaga skal sendes om kommunen.

### **Saksopplysningar:**

Ny viltressurslov trer i kraft 01.07.2026. Viltressurslova pålegg kommunar som har opna opp for jakt på elg og hjort å forskriftsfeste fellingsavgifta.

I sula kommune er det kun eit vald. Det har vert ein praksis at Sula hjortevilt vald med bestandsplan har blitt fakturert 100 kr mindre per dyr enn maksimal fellingsavgiftsats da administrasjon av valdet krev tid og ressursar.

Fellingsavgifta går til kommunen sitt viltfond som regulerast av forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort.

Formålet med kommunale viltfond er å skape økonomisk bakgrunn for å fremme viltforvaltninga i kommune og fylkeskommune.

Per dags dato går alt frå viltfondet til å dekke kommunens utgifter til ettersøk og handtering av skadd vilt og fallvilt i kommune.

**Heimel:** Viltressurslova § 9; Kommuna kan gi forskrift om fastsetting og innkreving av fellingsavgift for hvert dyr som felles av elg og hjort, innenfor rammer fastsatt av stortinget.

**Saksgang:** Saka går til plan- og miljøutvalget i Sula kommune for så å gå ut på høyring. Saka kan leggest fram for Utval for vitsaker, og skal vedtas av Sula kommunestyre.

Forskrift blir sendt til lovtidend for å bli gjort kjent og vil også bli lagt på Sula kommune si heimeside.

Ny viltressurslov trer i kraft 01.07.2026. Viltressurslova pålegg Sula kommune som har fellingsavgift på hjort, å forskriftsfeste fellingsavgift. Det vil være mest ryddig å ha dette i same forskrift som minsteareal og opning for jakt.

### **Vurderingar:**

Ny viltlov (Viltressurslova) trer i kraft 01.07.2026. Den pålegg kommunar å ha fellingsavgifta forskriftsfesta. Ein anbefaling frå landbruksdirektoratet er å ha fellingsavgifta i same forskrift som opning for jakt på hjort og minsteareal slik at det er enkelt for jegarar å finne fellingsavgifta.

I Sula kommune er det jakt på hjortevilt. Sula hjorteviltvald er et storvald med felles forvaltning av hjorteviltet i Sula kommune.

### [Bestandsplan 2024-2028](#)

Praksisen per no er at Sula hjorteviltvald etter gjeldande bestandsplan betaler mindre fellingsavgift. Dette vart bestemt når utgiftene for ettersøk og handtering av skadd vilt og fallvilt i kommunen var lågare enn dei er per no. Vald har høve til å søkje fylkeskommunale midlar til gjennomføring av tiltak som fremmer viltforvaltninga. Sidan det finst eit etablert tilskotsgrunnlag for vald, vert det vurdert som rimeleg at alle vald betalar fellingsavgift etter maksimal sats. Vald har framleis tilgang til eksterne midlar som kan løyse inn att kostnader knytt til kursing, viltseminar mm., midlane vert tildelt etter søknad og godkjenning.

### **Økonomiske / juridiske / andre driftsmessige og organisatoriske konsekvensar:**

Kommunen vil få auka inntekt til viltfondet som vil være med å betale for utgiftene knytt til fallvilt.

### **Konklusjon med grunngiving:**

Sula kommune legg ut forslag til endringsforskrift på høyring der fellingsavgifta for hjort skal følgje maksimal sats gitt i Stortingets budsjettvedtak

Grunngjeving; Sula kommune er forplikta til å ha forskriftsfesta fellingsavgifta for hjort i kommunen når den nye viltressurslova trer i kraft 01.07.26. Med høgare kostnader knytt til fallvilt og at det er mogeg å søke fylkeskommunale midlar, bør alle vald med og utan bestandsplan betale fellingsavgift satt av Stortingets budsjettvedtak.

<b>Tittel</b>	<b>Dok.ID</b>
Fellingsavgift forskriftsfesting - forslag	1553463